

AKSJONSPLAN

LANDBRUK

2013-2025



SULDAL
K O M M U N E



Barkeland

Innleiing

Kommuneplanen har eit eige kapittel om kommunen sin landbrukspolitik. Årsaka til det er at landbruk er ei av dei viktigaste næringane i kommunen. Aksjonsplanen detaljerer måla i kommuneplanen og er styrande for den lokale landbrukspolitikken.

Til å styra og gjennomføra arbeidet er det ei gruppe med følgjande medlemmar: Ordførar Torkel Myklebust, LMT-leiar Ola Hauge, nestleiar LMT Berit J Haugland, frå Bondelaget Ole Martin Eikeland, Lars Lunde og Helene Sejersted Bødtker, frå Småbrukarlaget Ole Johan Østebø og frå Skogeigarlaget Audhild Vaarvik. Tenesteområde Bygdeutvikling er sekretariat. Andre som arbeider innafor feltet rettleiing vert kopla inn etter som det er trong.

Kva betyr landbruket i kommunen?

Tala i parentes gjeld for fire og 14 år sidan (2008, 1998).

I Suldal kommune er det 202 (220) (280) bruk som søker om produksjonstilskot. Det er 19 200 (19 560) da dyrka jord og 14 150 (13 700) (8000) da innmarksbeite. Det er ca 300.000 da produktiv skog. Av dette er ca 150.000 da rekna som økonomisk drivverdig. Planta granskog utgjer ca 25.000 da.

I høve til andre kommunar i landet er det lite innmark på våre gardar medan det er mykje utmark og gode utmarksbeite, spesielt for sau. Vurdert ut frå tilhøva i Rogaland er det og mykje skog.

Av bruka som vert drivne er det følgjande fordeling når det gjeld heiltid og deltid:

	2012	2008	1998
To ektefellar heiltid på garden	15	27	52
Ein ektefelle heiltid den andre arbeid utanom	58	74	103
Begge arbeid utanom	69	78	51
Einsleg heiltidsbonde	11	14	35
Einsleg deltidssonde	23	15	9
Pensjonistar	26	11	24
SUM	202	219	279

Det er mjølkekyr på 57 (79) (125) bruk. (Hentestader) Mjølkekvoten er på 5,9 (6,7) (7,8) mill liter. Det vert årleg produsert omlag 550 tonn storfekjøtt. Det er 179 (176) (196) bruk med sau. Årleg produksjon av sauekjøtt er om lag 330 tonn. Det er produksjon av smågris på 6 (6) (24) bruk. Tal purker er 256 (251) (238). Det er slaktegrisproduksjon på 11 (16) (30) bruk. Det er eggproduksjon på 12 (12) (40) bruk. Tal verpehøns er stabilt på 36 000. Det vert årleg produsert om lag 740 tonn egg. Årleg skogsavverking (for sal) ligg på 15.000 m³ (snitt siste 10 år), der ved utgjer 1.500 m³.

Førstehandsverdien av produksjonen frå suldalslandbruket er mellom 80 og 100 millionar kr. Av dette står skogen for 7,5 mill. kr. Årleg utbetalt produksjonstilskot er om lag kr 47 (35) mill. Av dette utgjer avløysartilskot kr 7 (6) mill. Statleg tilskot til skogbruk og miljøtiltak i kulturlandskapet utgjer i tillegg 3 (1) mill. kr.



Bygdenæringar

Suldølen har vore flink til å satsa på tilleggs- og nye næringar (bygdenæringar). Den absolutt største målt i investering og inntekter er kraftverk. Det er utbygd 35 (29) småkraftverk etter 1995. Samla produksjon på småkraftverka er om lag 117 (100) GWh. Samla straumforbruk i Suldal er om lag 100 Gwh. (Røldal Suldal kraft og Ulla Førre produserer om lag 7 700 GWh). Det er om lag 20 (30) kraftverk på ulike nivå i prosessen frå ide til ferdigstilling.

Den andre store nye næringa for ein del bruk er reiseliv. Investeringane er først og fremst knytt til anlegg for overnatting, men det er og arbeid med ulike aktivitetstilbod.

Sal eller bortleige av hyttetomter er og ei viktig inntektskjelde for mange bruk. Det er om lag 2 200 hytter/ fritidsbustader i kommunen og det er om lag 1000 regulerte/tilrettelagde tomter. I tilknytning til hyttene er det stort potensiale for sal av handtverksarbeid og service-tenester.

Kommuneplanen har følgjande mål og hovudstrategiar for landbruket:

Mål:

Landbruket i Suldal skal også i framtida vera ei av dei viktigaste næringane. Både tradisjonelt landbruk og nye nisjenæringar skal utviklast. Landbrukseigedomane bør ikkje stykkjast opp ved sal av ulike verdiobjekt.

Hovudstrategiar:

1. Gjennom gode økonomiske støtteordningar vil kommunen arbeida for at landbruket skal vera livskraftig og framtidsretta.

2. Gjennom politiske/juridiske verkemiddel vil kommunen :

- sikra arealressursane, produksjonsmiljøet og busetnaden i bygdene.
- ha ei streng haldning når det gjeld søknad om fritak for buplikta på landbrukseigedomar
- arbeida aktivt for at eigedomar som ikkje vert drivne, eller som er fråflytta vert lagde ut for sal.
- arbeida aktivt for landbrukseigedomar vert selde i sin heilskap som sjølvstendige bruk eller som tilleggsareal. Sal av verdiobjekt som bygningar, tomter og liknande er ikkje framtidssretta.
- støtta samanslåing av bruk der ein aktiv bonde kjøper nabobruk som tilleggsareal. I slike tilfelle er kommunen positiv til frådeling av tun eller andre bygningar/verdielement
- jordverninteressene skal tilleggjast særleg vekt ved søknader om frådeling/omdisponering

Kommunen sine verkemiddel for å nå måla:

Økonomiske verkemiddel

I dag yter kommunen støtte på om lag kr 2 (1,7) mill til landbruket.

Det vesentlege av støtta skal koma den enkelte bonde direkte til gode.

Komande fireårsperiode (frå og med 2013) vil kommunen prioritere:

- Kjøp av privat mjølkekvote
- Nybygging/ombygging av driftsbygningar til mjølk. (Ku og geit).
- Andre driftsbygningar til husdyr, 80% i høve støtta til mjølk. Det vert ikkje gjeve støtte til reiskapshus, tørkehus for ved o l. Innomhus mekanisering er med i grunnlaget for utrekning av støtta.
- Nydyrking.
- Beiterydding.
- Skogsvegbygging.
- Skogkultur.
- Foredling av lokale ressursar.
- Årleg driftstilskot til Suldal og Sauda forsøksring.
- Veterinærskyss.

Etter individuell søknad kan det ytast tidsavgrensa rentefrie lån til større utbyggingstiltak frå næringsfondet.

For å koma inn under ordningane må ha ein omsetnad som er så stor at ein står i MVA-registeret.

Juridiske/politiske verkemiddel.

Ei forvaltning av lovverket i samsvar med kommuneplanen sine intensjonar vil vera avgjerande. Vidare må kommunen ha ei politisk og administrativ haldning som syner at kommunen er interessert i landbruket, at næringa vert sedd og høyrd og at ein syner reell omsut for næringa.

Kommunen vil opprette ei ordning med landbrukspris. Frå 2013 kan kommunen dele ut landbrukspris til ein bonde som har utmerka seg på ein særskild positiv måte.


Alle som får konsesjon til å overta landbrukseigedomar skal innan eit år få oppfølgingsbesøk frå kommunen.

Utfordringar

Tradisjonelt landbruk

Det er ei utfordring å halda oppe tal gardsbruk og produksjon av tradisjonelle landbruksprodukt samstundes som ein får ein tidsmessig og meir robust bruksstruktur. Slik situasjonen er nå kan det vera viktigare å halda oppe produksjonen enn tal bruk.

Jordbruksareal i Suldal kommune:
**Fulltøyrka jord, overflatedøyrka jord
og innmarksbeite er vist med raud farge**





Dei største utfordringar er knytt til areal, mjølkeproduksjon og driftsbygningar. Men det er viktig å ikkje gløyma dei andre driftsgreinene.

Areal. Tradisjonelt har ein i Suldal satsa mest på rydding av beite og nydyrking for å gjera bruka større. Grovforarealet er minimumsfaktoren på svært mange bruk. Det er ein naturleg følgje av at gardane gjenomgåande er små. Men kommunen er relativt rik på innmarks- og utmarksbeite. Utviding av innmarksbeite og god tilrettelegging for utmarksbeite er tiltak som styrkjer grovforproduksjonen. For at bruka skal bli robuste og framtidsretta vil det i mange tilfelle vera naudsynt å slå saman bruk, sjølv om resultatet vert færre sjølvstendige gardsbruk. Men kommune vil framleis gi økonomisk støtte til nydyrking og beiterydding. Kommunen skal og arbeida for at avlingsnivået på landbruksareala vert så høgt som råd.

Mjølke Eit godt fagmiljø med aktive og interesserte bønder er avgjerande for å halda oppe landbruket. Ein nøkkelfaktor for å sikra fagmiljøet er økonomisk tryggleik og god rekruttering til næringa. Kommunen meiner det må satsast på landbruk i alle bygder. I Suldal er det ikkje rett å peika ut ei bygd eller ”kjerneområde” som er viktigare enn andre. Men mjølkeproduksjonen er under så sterkt press at denne bør prioriterast før andre driftsgreiner komande år. I samband med eigarskifte er det ei utfordring å halda på mjølka. Samanlikna med resten av landet er kvotane i Suldal gjenomgåande små. Å leggja til rette for at produsentane får større kvotar vil vera eit viktig tiltak. Støtte til kjøp av dyre og store private kvotar vil bety meir enn støtta til billige og små tilleggskvotar frå staten. Slik aukar sjansen for at kvotene til dei som avviklar vert verande i kommunen. Samdrift og leige av kvote er og eit verkemiddel for å oppnå stordriftsfordelar.

Driftsbygningar. Ein stor del av bygningsmassen er frå 1970-1980 talet. Desse er i ferd med å få store vedlikehaldskostnader. Dei er og ofte lite tidsmessige både ut frå dagens generelle krav og ut frå nye krav til lausdrift og dyrevelferd. Tidsavgrensa, rentefrie lån frå kommunen sitt næringsfond til delfinansiering av driftsbygningar kan vera avgjerande for at ein vågar å byggja ut. Kommune vil framleis gi investeringsstøtte til driftsbygningar. Regelverket skal utformast slik at støtte til driftsbygningar for mjølkeproduksjon vert større enn det ein får til andre bygg. Høvetalet skal vera 100:80

Andre driftsgreiner. Sauehaldet er den mest ”robuste” og uthaldande biten av suldalslandbruket. Det er sauer på 179 av 210 bruk. Sauen er viktig for kulturlandskapet og utnytting av utmarksressursane. Timeløna for sauebonden er lita. Sikring av produksjonsmiljøet og tilrettelegging for gode bygningar blir viktig i framtida. Store og uføresette utfordringar som sjukdom og rovdyr dukkar opp med jamne mellomrom. Kommunen bør ha ei aktiv haldning og hjelpa næringa når slike utfordringar kjem. Suldal ligg ikkje i ei sone som skal ha ynglande bestandar av jerv, gaupe, ulv eller bjørn. Kommunen vil difor vera positiv til at desse rovdyra vert felte når dei måtta dukka opp som skadegjerande streifdyr

Kraftforkrevjande produksjonar bør prioriterast som tillegg til grovforbaserte produksjonar for å gjera bruka levedyktige som heiltidsbruk. Høns og gris har over tid gjeve godt vederlag for arbeidsinnsatsen og dette er driftsgreiner med vekstpotensiale. I det siste er det etablert nokre større besetningar av høner og gris. Dette er kostbare etableringar, der rentefrie lån frå kommunen sitt næringsfond er til hjelp i startfasen.

Økologisk landbruk har til nå ikkje vore eit satsingsområde i Suldal. Dersom etterspørselen og marknadstilhøva for slike produkt vert endra er det viktig at kommunen sine verkemiddel kan tilpassast dette.

Skogbruk

For skogen er det ei utfordring å auka avverkinga av gammal, glissen naturskog, og heller utsetja hogsten av gran, som i dag gjerne vert hogd for tidleg. Vidare er det ei utfordring å sørgja for ny kvalitetsskog på hogstfelta. Skogbruket er i dag prega av større entreprenørdrifter, med god økonomi på hogst av gran. Høgare driftsutgifter og avsetningsvanskar er skranken for meir hogst av furu, som fagleg hadde vore mest ønskeleg. Dette er tilhøve der ein lokalt har liten påverknad, men aktiv haldning og økonomisk støtte frå kommunen for bygging av gode skogsvegar er ein viktig faktor. At hogstflatene vert tilplanta med kvalitetsskog og at ungsoggen får pleie krev ei aktiv haldning frå kommunen, og skogkulturtilskotet er avgjerande.



Tilleggs- og nye næringar

Sikra sysselsetting- og inntektsgrunnlaget på flest moglege bruk ved å satsa på tilleggs- og nye næringar. Kraftverk og reiseliv har truleg størst potensiale også komande periode, men alle idear og satsingar som til dømes juletre, maskinringar og utmarkssatsing er aktuelle.

Kraftverk er lønsame tiltak, som krev store investeringar. Det er uavklara utfordringar knytt til lokalt eigarskap og eigarskifte av kraftverka. Sal av fallrettar er også viktig problemstilling.

Avklaring av slike spørsmål er truleg viktigare enn økonomisk støtte til utbygging. Kraftutbygging kan medføra store naturinngrep. Kommunen si handsaming skal skje i samsvar med klima og energiplanen. Suldal e-verk bør vera ein viktig aktør når det gjeld kompetanse, lokal verdiskaping og lokalt eigarskap ved etablering av små kraftverk.

Økonomisk støtte til tilleggs- og nye næringar bør gå til foredling og tilrettelegging for sal av produkt. I dag vert det mest ikkje foredla eller selt lokale landbruksprodukt. Dersom det vert etablert eit lokalt omsetnadsapparat for landbruksvarer vil kommunen gi støtte til det.

Grøn omsorg eller inn på tunet ordningar og omlegging til økologisk landbruk har det vore lita interesse/marknad for. Det er produksjonar som bør vurderast frå sak til sak. Kommunen kan innta ei meir aktiv haldning når det gjeld samarbeid mellom kommunen sitt omsorgsapparat og bønder som vil satsa på grøn omsorg som næring.

Ansvar og oppfølging av aksjonsplanen

Politisk ligg ansvaret for oppfølging av aksjonsplanen for landbruk til LMT-utvalet. Utvalet skal revidera regelverket anna kvart år. Utvalet skal og syta for at det er samsvar mellom kommunestyret sine ytingar og dei summane som vert delte ut. Lån frå næringsfondet ligg til formannskapet.

Støtta til landbruk skal organiserast som ei fondsordning som er slik at unytta midlar eit år vert avsett saman med nye løyvingar til bruk seinare år.

